

Innhald:

Innleiing og problemstilling/perspektiv	s. 2
Samandrag av handlinga	s. 3
«Syrepisen» og den oppstykkka diskursen	s. 3
Synestesi og medvitsstraum	s. 5
Kva er egentleg LSD?	s. 6
«Set og setting»	s. 7
Er Liv påverka av LSD, eller er hun kun psykotisk?	s. 8
Kondenserte erfaringar – COEX-system	s. 10
Kan ein finna eit kjernetraume sjå Liv?	s. 10
Samfunnskritisk nylesing?	s. 12
Traumer og «rusmisbruk»	s. 13
LSD – ei instrumentell rolle i narrativet	s. 14
Oppsummering/konklusjon	s. 14
Litteraturliste	s. 16

Innleiing og problemstilling/perspektiv

Denne oppgåva vi freista å gjera ei nylseing av Jon Fosse sin andre roman, *Stengd gitar* (1985). Som i så mange andre av Fosse sine tidlege romanar, så møter vi også her ein person som på eit eller anna vis er fanga i si eiga fortid og i si eiga hjelpeløyse. Meir spesifikt tematiserer den psykisk sjukdom, traumer, rusmisbruk og psykiatri. Når det gjeld rus, så er det nærare bestemt det psykedeliske stoffet LSD som er gitt ei rolle i narrativet.

Oppgåva vil reflektera rundt og problematisera LSD si rolle i narrativet i lys av ei alternativ, og stadig meir aktuell, forståing av stoffet, og drøfta korvidt dette gir grunnlag for ei annleis forståing av hovudpersonen Liv, og av romanen som sådan. Oppgåva vil argumentera for at LSD spelar ei instrumentell rolle i historia, men at den bygg på ei seigliva myte som er naudsynt og nyttig i forteljinga om Liv.

Av teori vil oppgåva i hovudsak nytta den tsjekkisk-amerikanske psykiateren Stanislav Grof, og hans systematisering av LSD-opplevingar, og bruken av psykedelika i terapi. Med utgangspunkt i Grof sine funn, så vil oppgåva freista å grava djupare i historia og traumene til Liv, og sjå om det gjer grunnlag for ei betre forståing av den håplause situasjonen hennar. Vidare vil oppgåva nytta legen Andreas Wahl Blomkvist sin gjennomgang av ulike ulovlege rusmiddel og deira potensial som medisin og i terapi.

Sidan omgrep knytt til både lovlege og ulovlege rusmiddel er så sterkt verdilada, og då i dei aller fleste høve negativt, vil oppgåva i det fylgjande nytta meir nøytrale omgrep. «Rusmiddel» vil verta omtala som «psykoaktive stoff», og rus som «psykoaktiv effekt». Den psykoaktive effekten av LSD vert og omtala som ei «erfaring» eller ei »oppleving», og i det ligg det at ein ikkje kan avskrieva at erfaringa kan vere positiv og/eller nyttig. Denne bruken av omgrep er gjort for at sterkt verdiladde ord og uttrykk ikkje skal få lov til å «forstyrre» ei nøktern og rasjonell analyse.

Når ulovlege psykoaktive stoff har ei rolle i fiksjon, er det oftast ut frå eit problemperspektiv. Nettopp i kraft av at dei er ulovlege, vert bruk oftast forstått som misbruk, og sjeldant som rekreasjonell bruk. Ein ser riktig nok ei viss endring her, då spesielt med tanke på cannabis, som vert avkriminalisert og legalisert i stadig fleire land. I det perspektivet er det interessant å notera seg at cannabisbruken til Liv nærast vert framstilt på lik linje med alkohol, altså som ei rekreasjonell bruk. Sånt sett så speglar fiksjonen samfunnet.

Det typiske er likevel at rusbruk/rusmisbruk vert forstått som ein konsekvens av ei vanskeleg oppvekst eller vanskelege livssituasjonar, og at bruken resulterer i ytterlegare problem for karakterane. Denne oppgåva vil argumentera for at *Stengd gitar* har eit slikt problemperspektiv på LSD. Liv sine problem er komplekse. Traumer, mellom anna knytta til ei ulykke i barndomen, står sentralt, og rusmisbruk gjer situasjonen berre verre for Liv. Bruk av ulovlege psykoaktive stoff fører henne inn i ein ond spiral, og det er nærliggjande å konkludera med at LSD er ein del av eit større bilete som forklarar at Liv «tippar over» og vert psykotisk.

Her vil oppgåva trekka fram Zsofia Domsa sin artikkel «Trauma og minne i Jon Fosses *Stengd gitar*» (2023) som eit døme på ei slik problemorientert forståing av

ulovlege psykoaktive stoff. Samstundes vil oppgåva peika på at Domsa sin artikkel gjer uttrykk for ei forståing av Liv som er i tråd med det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva.

Med utgangspunkt i eitt bestemt sitat frå teksten, vil oppgåva spekulera i om Liv er under påverknad av LSD gjennom heile historia, og peika på korleis dette kan sannsynleggjerast både i form og innhald gjennom heile diskursen. Men før det må vi sjå litt på den ytre handlinga.

Samandrag av handlinga

I opninga av romanen møter vi Liv som skal kaste boset i bossjakta i gangen utanfor. Døra smekk igjen bak henne, og ho kjem seg ikkje inn igjen. Inne i leilegheita ligg hennar eitt år gamle son og grin, og med det er hennar ytre prosjekt gitt: Ho må finne ein måte å koma seg inn til sonen sin igjen. For å løysa oppgåva legg ho ut på ei kvilelaus vandring i byen, og alle dei irrasjonelle val ho tek fører henne heile tida lengre og lengre vekk frå ei løysing på problemet. Sentralt i hennar tankar er å finna vaktmeisteren, men hennar strategiar for å finna hen gjer inga meining. Ho trur at tilfeldige menneskje ho møter veit kor vaktmeisteren er å finna.

I si kvileause og marerittaktige byvandring, vert fortida hennar rulla opp i kaotiske og usamanhengande minner, godt blanda saman med vrangførestillingar og hallusinasjonar som til saman utgjer ei svært subjektiv førestillingsverd. Det er tydeleg allereie frå fyrste side at hovudpersonen er svært mentalt forvirra. På turen til byen treff ho på både broren, som ho har ein avtale med, og ekskjærasten Geir, som er faren til den innelåste guten hennar. Historia har ein slags sirkelkomposisjon i det Liv til slutt endar opp utanfor leilegheita igjen, men ho kjem seg framleis ikkje inn til guten sin.

«Syrepisen» og den oppstykkta diskursen

Det som kanskje mest kjenneteiknar *Stengd gitar*, og gjer den til ei til dels krevjande leseoppleving, er den store avstanden mellom historie og diskurs. Diskursen er oppstykkta og usamanhengjande, og må bli satt saman av lesaren nærast som eit upusla puslespel. Det er difor utfordrande for lesaren å skilja kva som skjer i diegetisk notid frå det som er Liv sine minner og vrangførestillingar. Størstedelen av diskursen har ein høgst upåliteleg personal forteljar, noko som opner for fleire tolkningsmoglegheiter. Det er også vanskeleg å seie om ho er påverka av LSD eller kun psykotisk i løpet av døgeret historia strekker seg ut, men diskursen kan gje ein viss peikepinn. Når Liv i starten av historia står utanfor leilegheita si, og akkurat har funne ut at ho har låst seg ute, kan denne passasjen gje inntrykk av at ho tek LSD i notid:

«låst dør. sprinkelseng. ungen ligg og grin i den brunmåla senga. grin, berre grin. døra smell igjen. ingen har sett meg, eg er åleine, er trygg. og den svarte gitaren sender breie fargar gjennom kroppen, sterke fargar. eg svelgjer den vesle syrepisen. lys i alle fargane.» (Fosse, s. 10)

Her vert «syrepisen» nemnd for fyrste gong, og sidan så godt som heile denne passasjen refererer til det som skjer i diegetisk notid, er det ei viss dekning i diskursen for å seie at ho svelg syrepisen der utanfor leilegheita. Om ein i det minste postulerer at ho gjer det, og ein veit at den psykoaktive effekten av LSD typisk

strekker seg over 10-12 timar, så kan ein freista å forstå hennar åtfærd gjennom heile narrativet med det som utgangspunkt. Vi skal ta med noke meir av det ovanstående sitatet for den vidare analysa:

«brune auge. og det mjuke vatnet. mor? kvar er du? ser du ikkje fargane? ei dokke heng i ein taustump, i enden av senga, og ungen grin. han er åleine. hugsar du dokka, mor? det brune lange håret mitt er flokete, og eg må kome meg inn til ungen. skunde meg. nøkkelen ligg på kjøkkenbordet. ein liten kvit tablett. syrepisen. eg flaksar gjennom gatene, og ut frå håret mitt renn det fargar. breie fargar. håret er rå rock, og fargane priklar i kroppen. gåsehud. han spelar. det er lenge sidan. eg blei med han til byen, berre reiste. eg er tjue år no, og eg er mor til ein unge på eit år. han er innelåst, og han grin, er heilt åleine. kvifor glytter nattevakta på døra? kvifor?» (Fosse, s. 10-11).

Sitatet er stilistisk representativt for heile diskursen, og kan difor brukast til å seie noko generelt om den språklege forma på heile romanen. Vi ser her korleis Fosse bryt ut av normert syntaks, med bruken av ufullstendige setningar der substantiv- og verbalfrasar ofte er utelatne. Han nyttar heller ikkje stor bokstav, kanskje for å forsterka den monotone kjensla i historia. Forma som vi ser i desse utdraga går som sagt igjen i heile romanen, med unntak av dei fem kapitla som er skrivne med aural forteljarstemme. Å bryte med normerte reglar i språket er eit kjent trekk ved Fosse sitt forfatterskap, og i *Stengd gitar* går han kanskje lengre enn i nokre av dei øvrige romanane hans.

Vi ser også i utdraga at innhaldet er svært usamanhengjande, og at lesaren sjølv må setta saman dei ulike informasjonsbitane til eit samanhengjande heile som gjer meining. Ei sprinkelseng vert nemnd, og både senga og sprinklane går seinare att som sentrale symbol i boka. Midt i frustrasjonen over den stengde døra og ungen som grin, dukkar også den svarte gitaren og fargane opp i Liv sin indre monolog. Den svarte gitaren og fargane utgjør nokre av dei mest sentrale subjektive symbola i Liv si indre verd, og er sånt sett nokre av dei hyppigast brukte repetetive elementa i diskursen. Vidare i utdraget så vender Liv seg til mora, nærast som om ho tenkjer at mora er til stades, og dette gjer ho ofte utover i historia, spesielt når ho har det som mest vanskeleg.

Vidare så tenkjer Liv plutselig på håret sitt, og at det er brunt og flokete. Hår er i det heile også eit gjennomgåande symbol i historia. Og så dukker «syrepisen» opp igjen, men det er utydeleg om det bare er eit minne frå tida med Geir og bandet, og då ho flaksa gjennom gatene, eller om det refererer til diegetisk notid. Om det er minner, så knyter dei seg tilsynelatande til ein tidlegare syretriipp, og her ser vi også motivet med håret og fargane. Utdraget syner vidare korleis ho traff Geir, og bare blei med han til byen. Heilt til sist i utdraget dukkar det opp eit ubehageleg minne frå tida i psykiatrien, med nattevakta som glyttar på døra. Som utraget syner, så vekslar diskursen mellom diegetisk notid, minner og vrangførestillingar.

Her er eit anna utdrag som syner korleis minner, vrangførestillingar og notid blandar seg saman til ein medvitsstraum i Liv si indre verd:

«Hallane. lang lukt av søndag. kroppen kjennest tung, og om kvelden går eg på kiosken. sludd. eg spring gjennom gatene. sprin og spring. gråe dyr følgjer etter meg,

tar meg att, kryp under huda mi, inn under huda. ungen skrik og skrik. eg er stengd ute, og ungen er åleine. far legg ski på biltaket. eg spring gjennom gatene, og eg må bli roleg. grå dyr. edderkoppar. eg er åleine, og ingenting er farleg. ingenting. ettermiddag. alt kome folk på Pub`en. og eg spring gjennom gatene. ein politibetjent brøler, og stenger døra. eg ligg på golvet, og håret er spreidd utover golvet. breie fargar renn ut frå håret. må ta det roleg, eg er tjue år, og eg er utskriven. Er frisk» (Fosse, s. 86)

Synestesi og medvitsstraum

Fosse tek ofte i bruk ei form for medvitsstraum («stream of consciousness») for å skapa ei større forståing av personar med ulike psykiske problem, om det er psykose/rus som i *Stengd gitar*, «galskap» i *Melancholia 1* (1995), demens i *Melancholia 2* (1996), einsemd og stagnasjon i *Naustet* (1989), ein form for splitta personlegdom i *Flaskesamlaren* (1991), eller alkoholisme i *Septologien* (2019-2021). Ein finn oftast denne forma der diskursen er skriven med personal forteljarstemme, og som lesar kjem ein då tett på dei ofte forvirra karakterane i Fosse sitt univers. I *Stengd gitar* er det altså ein form for psykose som kjem til uttrykk i den usamanhengjande medvitsstraumen til Liv, men det er uklårt om ho i tillegg er påverka av LSD.

For å sannsyleggjera at Liv er påverka av LSD gjennom heile historia, kan ein samanlikna *Stengd gitar* med ein annan roman av Fosse som har klåre tematiske og stilistiske likheitstrekk, men utan «LSD-elementa», nemleg *Flaskesamlaren*. I begge bøkene treff vi ein svært forvirra hovudperson som ikkje maktar å orientera seg i bybiletet og i røynda generelt. I *Flaskesamlaren* treff vi ein plaga og einsam mann som ikkje veit om han heiter Bjørn eller Fredrik, om han er journalist eller gitarist, eller om faren er anleggsarbeidar eller prest. Han nærmar seg folk, for så å støyta dei frå seg igjen. Han tenkjer at han må heim, men klarer ikkje å koma seg heim. Stilistisk ser ein klåre likheitstrekk med *Stengd gitar*, som utdraget her syner:

« [...] stirer framfor seg, runde briller, han eg såg før i dag, kan vel ikkje vere, sit der, komme meg vekk, han liknar på meg, kan vel ikkje, må vel, skulle ikkje kunne, plastposen ståande attmed seg på trappa, [...]» (Fosse, s. 63)

Diskursen er oppstykkja og usamanhengjande, men sanseopplevingane til dei to hovudpersonane er kvalitativt forskjellige på eit avgjerande punkt. Medan hovudpersonen i *Flaskesamlaren* er forvirra om sin eigen identitet, og kva han til einkvar tid skal gjere, så er kjenneteiknet til Liv si indre verd mellom anna ei utprega samanblanding av sansemodalitetar. Og det er spesielt dette trekket som gjer at ein kan oppleve *Stengd gitar* som ein «LSD-roman». Ei samanblanding av sansemodalitetar – såkalla synestesi – er nemleg eit av dei mest karakteristiske trekkja ved den psykedeliske erfaringa (Grof, s. 41). Ein opplev til dømes at ein kan lukta fargar og sjå lydar. I *Stengd gitar* finn ein desse opplevingane nærast som eit stilistisk gjennomgangsmotiv gjennom heile diskursen. Her er nokre få døme:

«... sender breie fargar gjennom kroppen ...», «... ut frå håret mitt renn det fargar ...», «... eit langt håp ...», «... lette fargar ...», «... hardt vatn ...», «... glimt av raud musikk ...», «... framtida var laga av jern ...», «... dei mjuke nettene. mjukt mørker ...» «... den lilla angen ...» (Fosse, s. 7-24).

Dei synestetiske opplevingane er ofte knytte til fargar og musikk, noko som syner at Liv kan ha hatt ei eller fleire sterke musikalske opplevingar når ho har teke LSD, noko oppgåva kjem tilbake til seinare.

Eit anna gjennomgangstema i Liv si indre verd, er alle vrangførestillingane eller hallusinasjonane ho har, noko som også er eit typisk kjenneteikn ved LSD-opplevinga. LSD-hallusinasjonar kan vera både vakre og positive, og dei kan vera av ein meir marerittaktig art, alt etter omstenda. Dette kjem eg også tilbake til seinare i oppgåva. Liv sine vrangførestillingar er så godt som utelukkande av siste kategori. Den mest dramatiske vrangførestillingen, og den ho opplever når ho har det som verst, er dei grå dyra som et seg inn i huda hennar. Desse er også eit av dei mange repetetive elementa i diskursen. Her er eit utdrag frå teksten, der Liv er på sitt mest paranoide. Ho tenkjer at alle veit at ho har låst ungen sin inne, og denne paranoiaen gjer at vrangførestillingane vert spesielt dramatiske:

«ikkje vanskeleg å sjå kven eg er. ser kven eg er, seier dei. og meg skal dei nok ta, stenge inne. ha. krype inn under huda mi, skal dei, seier dei. ta meg. lage auga sine om til grå dyr. dei skal bli gråe dyr, under huda mi [...] far sveiser med fingrane, folk blir til gråe dyr, og dyra kryp inn under huda. og huda begynner vekse. dyra har lange auge, og det velter sundrivne menneskekroppar rundt i auga deira. huda veks. edderkoppar. eg er ikkje sjuk, ikkje steng meg inne! frå holet i golvet velter det ut gråe dyr, og politibetjenten skubbar meg inn døra. og døra smell igjen.» (Fosse, s. 170).

Desse stilistiske trekka gjer leseopplevinga nærast til ei «bad trip» i seg sjølve, og det er difor nærliggjande å tenka seg at Liv er påverka av LSD gjennom heile historia. Men før vi tek opp att den drøftinga, må vi ha ei klår forståing av kva LSD eigenleg er og korleis det vert opplevd.

Kva er egentleg LSD?

Oppgåva vil ikkje setta av stor plass til å forklara kva LSD er, men bare gjera merksam på at det finst ein fagleg tradisjon som ikkje deler statlege myndigheiter si oppfatning om LSD som eit farleg narkotisk stoff. Denne forskningstradisjonen har langt på veg sannsyleggjort at psykedeliske stoff kan ha betydeleg medisinsk nytteverdi, då spesielt innan psykiatri/terapi (Wahl Blomkvist, s. 144-156). Dette er framleis eit kontroversielt tema, men denne oppgåva kviler tungt på dette premisset, så ei oppklaring er naudsynt.

LSD skårar relativt lågt på seks risikofaktorar som ofte vert nytta for å vurdera risiko knytta til ulike psykoaktive stoff, der 1 er svært låg risiko og 5 er svært høg risiko. Stoffet skårar svært lågt (1) på akutt giftegeit, giftegeit over tid og avhengigheit, lågt på kognitive problem og interaksjonar (altså risikoen ved å blanda LSD med andre stoff) (2), og moderat (3) på uønskja hendingar (Wahl Blomkvist, s. 279).

Omgrepet psykedelika tyder «mind manifesting», altså noko som «opnar opp» og koplpar saman medvit og undermedvit, noko som vi seinare i oppgåva skal sjå er viktig for forståinga av Liv og tolkinga av *Stengd gitar*. Stoffet blei «oppdaga» nærast på slump av den sveitsiske farmasøyten Albert Hofmann i 1943. Det farmasøytiske selskapet Sandoz, der Hofmann var tilsett, sat nå på eigarskapet til eit psykoaktivt stoff heilt utan sidestykke, men dei ante ikkje kva det kunne brukast til. Det einaste

rette, slik dei såg det, var å setta i gang ein stor forskningsdugnad, og LSD blei dei neste to tiåra send ut til samtlege forskarar som ba om det. (Wahl Blomkvist, s. 122)

Den fyrste foklaringsmodellen som blei lansert var den såkalla «psykosemodellen» (Wahl Blomkvist, s. 121). Tanken var at opplevingane likna på dei ein har under psykose, og ein fekk med det tru på at LSD kunne nyttast til å både få ei større forståing av sjukdommen, og at stoffet potensielt kunne nyttast i behandlinga av psykotiske pasientar. Med det blei myta om den tette knytingen mellom LSD og psykose/galskap fødd, ei myte som oppgåva seinare vil argumentera for er nyttig i narrativet i *Stengd gitar*.

Det tok ikkje mange år før ein gjekk vekk frå psykosemodellen. Forskjellane på dei to tilstandane var rett og slett for store. Forskarane trudde heller ikkje at LSD kunne føra til psykose, og dei fleste trur det heller ikkje i dag (Wahl Blomkvist, s. 123), sjølv om det eksisterer mange skremselshistoriar om «permanente bad trips». Utover på 50-talet byrja forskarar i større grad å tenka på LSD som ein reiskap for å kurera psykisk sjukdom heller enn eit stoff som *orsakar* slike lidingar. Mange av forskingspublikasjonane som blei produserte i løpet av denne tida, peika på LSD som eit nyttig verktøy i psykiatrien, og i behandlinga av mellom anna depresjon, angst og alkoholisme. (*A Psychoanalytic Perspective on Psychedelic experience*, s. 4)

«Set og setting»

Etter kvart blei det tydeleg at medvit hjå brukaren og rammene rundt var heilt essensielle for korleis LSD-opplevinga blei, altså det som vert kalla «set og setting», ei heilt sentral frase blant så vel forskarar som rekreasjonsbrukarar (*A Psychoanalytic Perspective on Psychedelic experience*, s. 7). Brukaren bør ha ei medvit om kva hen ønskjer å oppnå, og omgjevningane må vera dei rette. Det ein omtalar som «bad trip», er ofte LSD teke i feil set og setting. Hvis Liv svelgjer ein «syrepis» i byrjinga av fortejlinga, så vil dette vere eit soleklårt døme på feil set og setting, og ei oppskrift på ei krevjande oppleving, altså ein såkalla «bad tripp».

LSD hadde til no halde seg innanfor laboratoria og forskingsromma, men på 60-talet fant stoffet vegen ut til massane. Rekreasjonsbruken ekspoderte, LSD blei hippibevegelsen sitt foretrukne psykoaktive stoff, og ein moralsk panikk oppstod i det etablerte samfunnet. Mange havna på legevakta fordi dei ikkje takla opplevingane, og sensasjonalistisk media blåste opp dei villaste historiar om ungdommar i LSD-rus som stirrar på sola og blei blinde, som kasta spedbarn i mikrobølgjeomnen, og som kasta seg sjølve ut i trafikken for å prøve å stoppe bilar med kroppane sine. I forskingskrinsar blei det feilaktig hevda at LSD førte til kromosomskadar og misdanningar på foster (Wahl Blomkvist, s. 135-137).

Amerikanske myndigheiter vedtok ein lov som gjorde LSD til eit såkalla «Schedule one drug», eit stoff med stort skadepostensiale og inga medisinsk nytteverde. Med det blei all forskning på stoffet forbode, og det blei knytta eit stigma til stoffet så vel sjå folk flest som i forskingsmiljøa. Den seigliva myta om koplinga mellom LSD og psykose/galskap blei sementert, den lever godt den dag i dag, og den er relevant i forståinga av *Stengd gitar*. Vi veit at Liv har erfaring med LSD, men er ho påverka av stoffet i historia? Kan ein finna svaret på det i diskursen?

Er Liv påverka av LSD, eller er hun kun psykotisk?

Som det tidlegare i oppgåva blei påpeika, så er det vanskeleg å seie om Liv er påverka av LSD eller kun psykotisk. For å sannsynleggjera postuleringa om at ho er påverka, kan det vera nyttig å ty til den tsjekkisk-amerikanske psykiateren Stanislav Grof, og hans analyse og systematisering av LSD-erfaringar.

Grof har utvikla eit teoretisk rammeverk for å forstå observasjonar gjort etter å ha administrert LSD til friske og psykisk sjuke testpersonar. Han kategoriserer erfaringane i fire typar: Abstrakte og estetiske erfaringar, psykodynamiske erfaringar, erfaringar knyta til fødsel, og transpersonelle erfaringar (Grof, s. 36). Han peikar vidare på at LSD ikkje har nokon felles farmakologisk effekt på hjernen sine vegetative sentra, og at effekten difor berre kan skildrast i svært generelle termer (Grof, s. 28-30). Sagt på ein annan måte, LSD er ikkje giftig, og artar seg difor svært forskjellig frå person til person. Grof ser på LSD som ein kraftfull uspesifisert katalysator og forsterkar av biokjemiske og fysiologiske prosessar i hjernen, og argumenterer difor for at substansen bidreg til å lyfta fram umedvite materiale frå alle lag av personegdomen. Det er her det terapeutiske potensialet ligg.

Grof hevdar at hans typologiseringar av LSD-erfaringar er fullt ut compatible med C.G.Jung sin analytiske psykologi, Roberto Assagioli sin psykosyntese og Abraham Maslov sine studiar av det han kallar «peak experiences» (Grof, s. 35).

Generelt kan ein seie at LSD gjer perseptuelle endringar i ulike sanslege modalitetar, altså såkalla synestesi. Ei samanblanding av sanslege modalitetar går, som vi har sett, nærast igjen som ein raud tråd gjennom heile historia om Liv. Vidare seier Grof at medvitet vert kvalitativt endra til ein draumeliknande tilstand. Kjensler vert vanlegvis kraftig forsterka, og kjensler spelar ei stor rolle for korleis den psykoaktive effekten vert opplevd. Liv har sjølsagt sterke negative kjensler etter å ha låst guten sin inne, og ifølgje Grof så vil desse kjenslene farga LSD-opplevinga, og manifestera seg i ei marerittaktig symbolsk verd. Altså, LSD teke i feil set og setting.

Mentale og nevrologiske prosessar vert nesten alltid intensivert. Spesielt vanleg er det, ifølgje Grof, å gjenoppleva tidlegare ulykker og operasjonar (Grof, s. 34). Ein kan vel ikkje seie at diskursen gjer grunnlag for å seie at Liv gjenopplev sjølv brannulykka frå barndomen, men resultatet med den øydelagde huda er sterkt til stades i hennar medvit gjennom heile historia, som i dette dømet: «sundriven hud, lagd lag på lag og snørt saman. ansiktet mitt. huda strekker seg ut, og arra i ansiktet.» (Fosse, s. 12). I tillegg ser vi fleire døme på at opphaldet på sjukehuset ofte dukkar opp i hennar minner, både knytta til ulykka og til då ho fødte sonen sin. Her er nokre døme: «fødselen. forseinka fødsel. måtte framskande fødselen. mor var med under fødselen. løfte hovudet mitt medan det stod på.» (Fosse, s.19-20), og frå operasjonen etter ulykka: «gong etter gong innlagd på sjukehuset. nye og nye legar, sjukesøstrer, byturar. mor og eg sit i bussen, på veg til sjukehuset.» (Fosse, s. 39).

LSD verkar inn på den optiske sanseopplevinga, og det er ikkje uvanleg å sjå omgjevnadene som fraktalar og rike kaleidoskopiske fargespel, noko som høyrer til den fyrste kategorien til Grof, altså abstrakte og estetiske erfaringar. Det er desse erfaringane rekreasjonsbrukarar ofte er ute etter, og dei må ikkje forvekslast med hallusinasjonar. Om Liv har slike opplevingar kan diskutera, men fargar går igjen,

og då oftast knytte til den svarte gitaren. Men desse er oftast minner og eit sagn, og ikkje noko ho opplev i diegetisk notid.

Grof påpeikar at ikkje alle forsøkspersonane fekk slike oppevingar, og at dei som ikkje fekk dei ofte hadde intense seksuelle opplevingar (Grof, s. 28). Ein kan kanskje forstå Liv sine noko perverterte seksuelle scenar med Geir i dette lyset (Fosse, s. 192). Sjølv om dette grensar til valdtekt, så set ikkje Liv seg imot. Grof peikar vidare på at LSD-erfaringar utan optiske perseptuelle endringar blei observerte etter fleire samanhengjande innak av LSD, noko som kan indikera at Liv har teke LSD fleire gonger, og det finn ein god dekning for i diskursen.

Plutseleg «edrueligheit» kan oppstå, og kan forklarast som eit forsvar mot traumer som kjem opp i medvitet (Grof, s. 30-32). Liv har tilbakevendande tankar om at ho er heilt frisk og at alt er fint, og det kan altså tolkast som hennar forsvar mot dei traumene som plagar henne. Desse tankane dukkar ofte opp midt i hennar ellars så kaotiske og traumatiske medivtsstraum. Følgjande sitat er eitt døme:

«må kome meg inn til ungen, og døra er låst. eg har låst ungen min inne. eg kan ikkje stå her. ingen har sett meg. skunde meg. eg er åleine, og eg er ikkje redd, er roleg. morsstønad, overgangsstønad. utdanning.» (Fosse, s. 19).

Dei fleste assosierer psykedeliske stoff med hallusinasjonar. Liv sine hallusinasjonar er kraftige og svært ubehagelege og forstyrrende for henne, og dei utgjør ei vanskeleg tolkbar individuell symbolverd. Dei grå dyra som bit hol i huda er kanskje dei mest gjennomgåande, og også dei tilsynelatande mest dramatiske for henne. Dei dukkar opp når ho har det mest vanskeleg. Grof seier at overflatestrukturar, objekter og flekkar på golvet kan opplevast som fantastiske dyr, groteske ansikt eller eksotisk natur (Grof, s. 41). Kan dei grå dyra ha oppstått då ho på brutalt vis blei kasta i fyllearresten, og stira på små flekkar på veggjar og golv i cella under ein dårleg tripp? Her er eit utdrag som peikar i den retning:

«frå holet i golvet velter det ut gråe dyr, og politibetjenten skubbar meg inn døra. og døra smell igjen. held eg ikkje kjeft skal han for helvete få meg til å halde kjeft, seier han. må roe meg no, ikkje skrike slik. eg kryp på golvet, bort i ei kro, og eg gøymer munnen min inst i kroa. prøver å stenge for munnen med hendene. må halde dyra borte.» (Fosse, s. 170-171).

Eller dette:

«blei hekta, sett i fyllearresten. holet i golvet. taut ut små dyr, gråe dyr. rommet bukta seg i kvalmande bevegelser. breie fargar, og det kraup ut grå dyr frå holet i golvet.» (Fosse, s. 109).

Grof oppdaga at mange av forsøkspersonane hans hadde eksepsjonelt sterke opplevingar knytta til musikk under LSD-erfaringa. Nokre av dei ga uttrykk for at dei verkeleg *høyrt* musikk for fyrste gong i sitt liv (Grof, s. 45). Dette er interessant med tanke på den svarte gitaren og dei breie fargane som renn ut av han, og kan tyde på at Liv har hatt nokre sterke opplevingar med musikk og LSD i tida med Geir og orkesteret. Fargane vart då den synestetiske representasjonen av musikken. I diskursen kan ein sjå denne opplevinga i hennar minner, til dømes i følgjande formulering: «langt hår. rå rock. ut vindauga renn det rå rock. hard og sugande rock

frå den svarte gitaren. sterke fargar, vatn.» (Fosse, s. 12). Evna til å skilja lydar frå kvarandre kan verta svekka, noke som kan føra til akkustiske illusjonar (Grof, s. 41). Liv «høyrer» ofte at guten grin, sjølv når ho sit på bussen på veg til byen, som i dette dømet: «innover mot sentrum. han les. treffe bror min. ungen grin, eg høyrer tydeleg han grine.» (Fosse, s. 71)

Kondenserte erfaringar – COEX-system

I følgje Grof så har psykodynamiske erfaringar – altså materiale frå det undermedvitne – sitt opphav i viktige minne, kjenslemessige problem, uløyste konflikhtar og undertrykt materiale frå ulike periodar i livet. Han meiner at dei fleste fenomen som oppstår på dette planet kan tolkast og verta forstått i psykoanalytiske termer, men det krev kunnskap om grunnleggjande prinsipp om det undermedvitne, spesielt knyta til draumar, slik dei blei forstått av Freud. Dei krev i tillegg kunnskap om den psykoaktive effekten av LSD, og dets symbolske språk (Grof, s. 47).

Grof påpeiker at freudianske konsept ikkje kan nyttast til å forklara alle aspekt ved LSD-erfaringa, og har difor lansert omgrepet COEX-system («System of Condensed Experiences») i psykedelikaassistert terapi. Han definerer omgrepet som ein konstellasjon av minne av «kondenserte» erfaringar og relaterte fantasiar frå ulike livsepokar til ein person. Desse kan gå heilt tilbake til fødsels- og spedbarnstid. Minna knyta til eitt bestemt COEX-system høyrer til same tema, inneheld liknande element, og er assoierte med sterke kjensler. Ulike lag i eitt slikt system kan til dømes bestå av alle minne om ydmykande og degraderande erfaringar, opplevingar som har skada sjølvbiletet. I eit anna system kan felleselementet vere angst knyta til spesielt skremmande opplevingar, eller opplevingar av undertrykking der ein ikkje har hatt moglegheita til å kjempa eller flykta. Grof skil mellom positive og negative COEX-system. (Grof, s. 47-97)

Desse systema verkar inn på korleis personen ser på seg sjølve og sine omgjevnader. Grof seier vidare at liknande traumatiske hendingar ser ut til å lagrast i den same «minnebanken», tett relaterte til hendingar av same art frå andre periodar i livet, og at den aller fyrste erfaringa av dette slaget utgjer dette COEX-systemet si kjerne, altså det primære traumet. Samlinga av seinare erfaringar vert så organiserte rundt denne kjerna, og målet med psykedelikaassistert terapi er å komma inn til denne kjerna, og integrera den i personen sitt liv (Grof, s. 50-51).

Kan ein finna eit kjernetraume hjå Liv?

Om ein ser på traume, og tek utgangspunkt i Grof sine COEX-system, så kan ein spørje seg om diskursen gjer grunnlag for å peika ut eit primært traume hjå Liv. Ulykka med lighteren då ho var fire år peikar seg ut som ein kandidat (Fosse, s. 54-55), ei hending som må ha sett djupe kjenslemessige spor i Liv. Men gjer diskursen grunnlag for å tru at Liv har hatt hendingar av same art seinare i livet, hendingar som til saman har danna eit COEX-system, med brannulykka som kjerne? Når Liv sine minne krinsar kring ungdomstida, så teiknar det seg snarare eit bilete av ei vanleg og til dels spanande oppvekst med samfunnshuset i sentrum, noko ein kan sjå i følgjande sitat:

«alle rekkehusa i lia. og Ungdomsskulen. dansane i Samfunnshuset. ungdommar rundt Kiosken. kino to kveldar i veka. gå der når ein blei seksten år. festane på Hybelhuset. ungdommar frå bygdene kringom i bilar, butikkane.» (Fosse, s. 14).

Ein kan sjølv sagt tenka seg eit kjernetraume på eit tidlegare tidspunkt i livet hennar, men her er det mindre å henta frå diskursen. Kan Liv sine psykiske problem ha eit arveleg element? I samtalar med mora kjem det fram at ho nærast aldri går ut av huset. Liv driv heile tida og grev i kvifor mora aldri går ut, men kjem ikkje til botns i det, og det ser heller ikkje ut som om mora er interessert i spørsmålet. Ho «løyser» sine problem med å sjå på fjernsyn, sjølv om det ikkje er noko spennande å sjå:

«Mora reiser seg og ho går og skrur på fjernsynet. Eit prøvebilde kjem til synes på skjermen. Heilt lågt står fjernsynet på, og ein eller annan melodi kan høyrast. Snart skal det i alle fall vere eit program, seier mora. Ho hentar avisa og blar seg fram til programoversynet. Skal vi sjå, seier ho. Sport ja. Sport skal det nok vere ja, seier ho.» (Fosse, s. 211).

Kva med seinare i livet til Liv? Som tenåring og ung vaksen teiknar det seg eit bilete av keisemd og stagnasjon snarare enn eit liv prega av dramatiske hendingar. Keisemda kjem fram i dialogen med mora:

« - Nei ... trivst du ikkje i jobben på hotellet? – Jau då. Men det blir litt kjedeleg i lengda. – Ja ... - Stort sett vasking og vasking. Kvar dag må eg vaske golvet i pub`en. Byte på senger. Og så tener eg dårleg.» (Fosse, s. 51-52).

Mora spør om ho ikkje kunne tenka seg å gå meir på skule og å ta ei utdanning, men Liv veit ikkje heilt kva ho då skulle ha studert. Altså heilt alminnelege problemstillingar for ein tenåring som står i skjeringspunktet mellom å vere barn og å bli vaksen.

Kan Liv ha blitt seksuelt misbrukt i barndomen? Spørsmålet er interessant med tanke på dei seksualiserte vrangførestillingane ho har om læraren, som mellom anna kjem fram i følgjande sitat i hennar indre monolog: «peikestokkar stikk ut frå auga, og ned mot brystvortene mine. og han fører ein peikestokk oppover mot fitta mi.» (Fosse, s. 152). Det er ikkje mogleg å seie om denne vrangførestillingen har sitt opphav i faktiske hendingar frå skulen og læraren, men viss Liv har blitt misbrukt, så kan denne hendinga absolutt tenkast å høyra til eit COEX-system, og kanskje også kjernen i systemet.

Kva så med den fyrste tida saman med Geir? Finn ein grunnlag i diskursen for traumatiske hendingar frå denne tida? Minna knyta til tida då Liv reiv seg laus frå heimbygda, og bare dro saman med Geir og orkesteret, kan ut frå diskursen snarare forståast som ei frigjerande og positiv tid for Liv, noko ein ser døme på her:

«sommar og brune varme kroppar i orkesterbilen. chillumane. ein bil lett over asfalten. langt hår. rå rock. ut vinddauga renn det rå rock. hard og sugande rock frå den svarte gitaren. sterke fargar, vatn. søtleg røykelukt og hivande tonar frå den svarte gitaren. langs gatene, i parkane. øl og ei sol som aldri slutta skine, kroppane blei brunare, berre brunare, rå rock langs vegane. ein fjern song får den svarte gitaren, og breie fargar i kroppen, mjuke fargar. kveldane. eit langt håp, og eit digert vatn.» (Fosse, s. 12-13)

Rett etter dette i diskursen ser ein rett nok at det gradvis ber galt av sted, med færre spelejobbar, smådealing og etter kvart fengsel for Geir for å ha selt hasj. Ein kan tenka seg at det er her problema dukkar opp for Liv, og at Geir vert ein stadig meir ustabil person som det absolutt ikkje er bra for Liv å henga med. Sexscenane med Geir har klare sadistiske trekk. I tillegg så låg Geir med ei anna kvinne same kvelden som han gjorde Liv gravid (s. 130-133).

Kva med politiet si handsaming av Liv då ho sprang skrikande gjennom gatene? Kan det vere grunnlaget for eit traume? Den brølande politikonstabelen dukkar ofte opp som eitt av dei repetetive elementa i diskursen, og som ei spesielt vond oppleving for Liv. Den peikar i retning av ei til dels dramatisk pågriping. Om ein ser nærare etter i diskursen, så kan denne pågripinga ha våre langt meir dramatisk enn berre det høg stemmebruk inneber, og følgjande utdrag kan beint ut tyde på rein politivald:

«eg får ikkje puste, halsen er full av dyr, og eg prøver å suge i meg luft. Skrik, alt eg kan skrik eg. Dyra rygger bort. Sakte, og dei kjem igjen. Eg skrik igjen. I døra står politibetjenten, og han seier at eg må roe meg. Må halde kjeft. Han tar kvelartak på meg, og det blir umogeleg å puste. Får ikkje puste, og eg gir faen. Kan berre døy. Han kan kvele meg.» (Fosse, s. 171).

Sjølve opphaldet i fyllearresten peikar seg og ut som ein kandidat til eit etterfølgjande traume, ikkje minst når ein er klar over kor mentalt sårbar ein er under ei LSD-oppleving. Ein kan heller ikkje utelukka at opphaldet i psykiatrien påførte henne eit traume. I diskursen er nattevakta som gløttar på døra eit tilbakevendande motiv, og representerer eit minne som tilsynelatande plagar Liv.

Det er spesiet interessant å merka seg at både fyllearresten og opphaldet i psykiatrien har det fellestrekket at det inneber å verta innestengd. Sånt sett så knyter dei to hendingane seg til det psykologiske hovedmotivet i boka, det å verta innestengd. Det innelåste barnet utgjer openbert det mest sentrale motivet knytt til det å vera inne- eller utestengd, og barnet kan tolkast som ein allegorisk skikkelse, og som eit bilete på alt som er avstengd, låst og lukka for Liv. Barnet representerer sånt sett alt ho traktar etter, altså eit normalt og lukkeleg liv. Men det er ikkje tilgjengeleg for henne.

Om ein held fast i Grof sine teoriar om eit COEX-system, altså at problema hjå ein person med psykiske lidningar har si rot i traumatiske hendingar *med same tema*, så er det nettopp opplevinga av å vera stengd inne (eller ute) som går igjen som eit tema hjå Liv. Det er vanskeleg å finna dekning i diskursen for eit *kjernetraume* med dette temaet hjå Liv, men opplevingar av å vera stengd inne eller ute er eit heilt sentralt motiv i diskursen. Det mest nærliggjande dømet er sjølv sagt guten som er innelåst, eller at ho har låst seg ute frå han. Uansett er tilgangen til guten hennar *stengd*. Det at ho vart *stengd* inne både i fyllearresten og i psykiatrien, kan då sjåast på som eldre lag av opplevingar i dette COEX-systemet, altså traume som storsamfunnet står bak. Her opnar det seg moglegheiter for at ei nylesing av romanen kan romma samfunnskritikk.

Samfunnskritisk nylesing?

Med utgangspunkt i drøftinga over, så kan *Stend gitar* lesast som ein kritikk av måten storsamfunnet handsamar personar som nyttar ulovlege psykoaktive stoff, i dette

dømet LSD. Det å verta pågripen og kasta i fyllearresten er dramatisk nok i seg sjølve, og når ein har ein viss kjennskap til kor mentalt sårbar ein er under ei LSD-oppleving, så er det nærliggjande å tenka seg at dette har våre ei ekstra traumatisk hending for Liv. Viss politiet i tillegg har brukt vald under pågripinga, som tidlegare påpeika, så kan det tenkast at dette til og med utgjer sjølve kjernetraumet i COEX-systemet til Liv.

Romanen kan vidare og lesast som ein kritikk av medikamentbasert psykiatri. Som oppgåva tidlegare har peika på, så har Liv mange vanskelege minne frå tida i psykiatrien, og her blei ho jo og stengd inne. Ein kan og få eit inntrykk av at alt psykiatrien hadde å tilby Liv var piller, som berre gjorde henne sløv og likegyldig, og neppe rørte ved hennar kjerneproblem. Det er i det heile mykje snakk om medisinar og piller i diskursen, spesielt i kapittelet der ho snakkar med mora, som i dette dømet: «Fotsteg i gangen, og Liv har tatt medisinane sine. Sløv, trøytt. Likegyldig, er snart frisk no.» (Fosse, s. 204). Ut frå diskursen er det ikkje grunnlag for å seie at den medikamentbaserte psykiatrien har gjort Liv frisk.

Ei samfunnskritisk lesing av romanen kan kanskje virka noko søkt, då spesielt med tanke på at storsamfunnet sine maktstrukturar nærast ikkje er til stades i Fosse sitt øvrige litterære univers. Både politiet og psykiatrien er riktig nok til stades i *Stengd gitar*, men dei har ikkje nokon sentral plass i narrative. Det kan sånt sett vanskeleg seiast at Fosse som forfattar set samfunnsproblem under debatt. Fosse sitt litterære prosjekt handlar nærast utelukkande om psykologi, det religiøse og om mellommenneskelege relasjonar. Korleis har så andre litteraturforskarar tolka *Stengd gitar*?

Traumer og «rusmisbruk»

Eit døme på ei analyse av *Stengd gitar* som har eit problemorientert syn på ulovlege psykoaktive stoff, er Zsofia Domsa sin artikkel «*Trauma og minne i Jon Fosses Stengd gitar*» (Domsa, 2023). Ho seier mellom anna at «Livs hallusinasjoner henger sammen med hennes *rusmisbruk*.» (Mi utheving) (Domsa, s. 262), og konkluderer med at hennar dissosiative tendensar i hovudsak er forårsaka av hennar omfattande bruk av LSD (Domsa, s. 267). Domsa har i si analyse blikket retta mot traumatiske hendingar og vonde minne frå fortida til Liv. Det er ikkje i hennar prosjekt å problematisera eit ulovleg psykoaktivt stoff, slik denne oppgåva gjer. Men det er interessant å merka seg at hennar analyse peikar på eit aspekt ved psykedeliske stoff som er i tråd med det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva.

Ei vanleg oppfatning av orsakene til at folk nyttar psykoaktive stoff, i litteratur som i røynda, er at dei ynskjer å flykta frå røynda fordi livet er for vanskeleg og for vondt. Men Domsa peikar i si analyse på at Liv gjer det motsette, og seier til dømes at: «Hennes reise i tid og rom kan gi oss en forståelse av det kognitive forløpet som er rettet mot å bearbeide og inkorporere traumatiske minner i den autobiografiske hukommelsen.» (Domsa, s. 258). Domsa hevdar altså at *Stengd gitar* seier noke om korleis eit overfølsomt menneske prøver å komma seg over traumene. Ho prøver altså ikkje å gløyma noko, tvert imot så vender ho seg tilbake til dei vonde minnene fleire gonger i eit forsøk på å verta frisk.

Her kan ein sjå på mora som ein kontrast, som ei som ikkje gjer ein innsats for å forstå sine egne mentale problem, men heller berre slår på fjernsynet for å gløyma. Liv er av ein heilt anna karakter, og det ser ein og i samtalanene med mora. Liv prøver å få mora med på ei samtale om kvifor ho aldri går ut, men mora bare avfeier dottera, og prøver å pense temaet inn på noko anna, som i dette dømet:

« ...

- Ikkje for å plage deg men eg lurar sånn på kvifor du aldri går ut?
- Eg veit ikkje ...
- Du likar det ikkje?
- Nei ... eg trivst best heime.
- Men ikkje på butikken eingong?
- Nei ...
- Nei vel ... men ...
- Og jula nærmar seg ...
- Det skal bli godt, litt ferie. Skal verkeleg bli godt.
- Var kjekt med jul då de var små ...

...» (Fosse, s. 64-65)

Domsa meiner altså at Liv er ein rusmisbrukar, men at ho ikkje rusar seg for å flykta frå egne vanskar. Om målet til Liv hadde våre mental og kjenslemessig flukt, så hadde det våre meir hensiktsmessig å ty til eit anna stoff, gjerne då eit som verkar sentralstimulerande, og med det er meir eigna som ei flukt. Som Domsa vidare peikar på, så klarer ikkje Liv å komma til botns i dei vonde minnene sine, og her kan Grof bidra til å kasta lys over kvifor. Sjølv om LSD, som vi har våre inne på, potensielt kan bidra til å lyfta fram umedvite materiale frå alle lag av personlegdomen, så må «set og setting» vera dei rette for at ein skal få terapeutisk utbytte av det. Omstenda rundt Liv sin tripp kunne knapt våre verre, og opplevinga hennar vert deretter, ein klassisk «bad trip».

LSD – ei instrumentell rolle i narrativet

Det er framleis i dag ei avgrensa kjennskap til forskinga på bruk av psykedeliske stoff som medisin, men i 1985, då Stengd gitar blei gitt ut, var denne forskinga i tillegg ulovleg, og det er nærliggjande å tru at dei aller fleste assosierte stoffet med galskap. Denne myta er frameis høgst levande. I det lyset kan ein og tenka seg at LSD spelar ei instrumentell rolle i narrativet. Når «syrepisen» vert introdusert tidleg i historia, så *forklarar* det på eit vis Liv sin situasjon: Det er ikkje rart ho er psykotisk, ho har jo teke LSD. Når dette så er klargjort hjå lesaren, og så og seie ute av vegen, så kan leseopplevinga få krinsa rundt det sentrale i historia, nemleg korleis vonde minne og traume fargar hennar liv, og gjer henne ute av stand til å orientera seg. Og då er ein inne på Fosse sitt territorium; indre psykologiske prosessar og mellommenneskelege relasjonar.

Oppsummering/konklusjon

Vi har i denne oppgåva lete ein relativt smal og lite kjend forskingstradisjon få kasta nytt lys over tolkinga av romanen *Stengd gitar*. Oppgåva har, med å visa til både form og innhald, sannsynleggjort at Liv har ei LSD-oppleving gjennom heile historia. Den har vidare søkt å få ei djupare forståing av Liv basert på psykiateren Stanislav Grof sine kliniske studiar, og påfølgjande typologiseringar, av LSD-opplevingar.

Som vi vidare har sett, og som litteraturforskar Zsofia Domsa og har peika på, så kan ein argumentera for at Liv si bruk av ulovlege psykoaktive stoff ikkje er motivert ut frå eit ønske om å flukta frå problema sine, men snarare for å koma til botns i dei, for så å integrera dei i livet sitt. Dette har ikkje våre vellykka for Liv, fyrst og fremst fordi omstenda rundt LSD-bruken hennar har våre heilt feil, altså feil «set og setting».

Vi har vidare peika på korleis romanen, med dette perspektivet, kan lesast som ein kritikk av korleis samfunnet handsamar personar som nyttar ulovlege psykoaktive stoff, og/eller ein kritikk av medikamentbasert psykiatri.

At Jon Fosse med *Stengd gitar* har hatt til hensikt å kritisera noke som helst, kan, som oppgåva og har peika på, virka noke søkt. Dette fordi samfunnskritikk strengt teke ikkje er noke som kjenneteiknar Fosse sitt forfattarskap sett under eitt. Då er det, som oppgåva har argumentert for, kanskje meir nærliggjande å tenka at LSD nærast er gitt ei instrumentell rolle i narrativet. I alle høve så har oppgåva synt at lesing av *Stengd gitar*, med blikket retta mot LSD si rolle, kan gje grunnlag for ei annleis forståing av Liv, og av romanen som sådan.

Litteraturliste:

- Blomkvist, A. W. (2021). *Ulovlig medisin*. Stavanger. Frisk Forlag
- Domsa, Z. 2023. "Trauma og minne i Jon Fosses Stengd gitar". *Scandinavistica Vilniensis* 17 (2) 253-272. <https://doi.org/10.15388/ScandinavisticaVilnensis.2023.13>
- Fosse, J. (1985). *Stengd gitar*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (1989). *Naustet*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (1991). *Flaskesamlaren*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (1995). *Melancholia 1*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (1996). *Melancholia 2*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (2019). *Det andre namnet. Septologien 1-2*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (2020). *Eg er ein annan. Septologien 3-5*. Oslo. Samlaget
- Fosse, J. (2021). *Eit nytt namn. Septologien 6-7*. Oslo. Samlaget
- Grof, S. (1979). *Realms of the Human Unconscious; Observations from LSD Research*. London. Souvenir Press.
- Guss, J. (2022). «A psychoanalytic Perspective on Psychedelic Experience». *Psychoanalytic Dialogues* 32 (5) 452-468. <https://doi.org/10.1080/10481885.2022.2106140>

